

STATKRAFT ENERGI AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Dato	04.09.2023
Vår referanse	2023/70948-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høringsuttale til konsesjonssøknad om nytt 12 (22) kV kabelanlegg med nettstasjon ved Fossvatn og Seltuftvatn

Bakgrunn

COWI AS, på oppdrag for Statkraft Energi AS, skal starte arbeidet med å utarbeida konsesjonssøknad for nytt 12 (22) kV kabelanlegg med nettstasjonar ved Fossvatn i Høyanger kommune og Seltuftvatn i Sunnfjord kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at det er planlagt en større rehabilitering på eksisterande damanlegg i 2024-2027. Dei ønskjer samtidig å etablera straumforsyning ved dammane for å gje moglegheit til fjernstyring av luker, samt innhente konkcontinuerlege og gode måleverdiar frå reguleringsområdet. Straumforsyning til dammane vil også gje moglegheit for anleggsstraum under rehabiliteringa.

Forenkla skildring av tiltaket

Søknad om anleggskonsesjon omfattar følgande:

- Etablering av 3 nye nettstasjonar for 12 (22) kV anlegg:
 - o Nettstasjon vest for Lonestølen
 - o Nettstasjon dam Fossvatn
 - o Nettstasjon dam Seltuftvatn

Etablering av 12 (22) kV kabelanlegg mellom eksisterande nettstasjon og de nye nettstasjonane.

Endeleg plassering av nettstasjonane er ikkje avklart. Omtrentleg storleik på nettstasjonane er 2 x 2 m.

Frå eksisterande nettstasjon til ny nettstasjon vest for Lonestølen er kabeltrasé planlagt i eksisterande veg. Moglegheit for å legge kabel i vatn har blitt vurdert.

Mellom Nettstasjon ved Lonestølen og Nettstasjon Seltuftvatn er det planlagt en ny anleggsvei som vil omsøkes separat. Kabeltrasé leggjast i ny veg på denne strekninga.

Mellom Lonestølen og ny nettstasjon ved dam Fossvatn vurderast trasé i eksisterande veg og trasé i vatn som aktuelle alternativ.

Kulturminne

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som planlagt tiltak kjem i konflikt med. Det gjeld nettstasjonar vest for Lonestølen, ved dam Fossvatn og ved dam Seltuftvatn. Frå eksisterande nettstasjon til ny nettstasjon vest for Lonestølen er kabeltrasé

planlagt i eksisterande veg. Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m

Mellom nettstasjon ved Lonestølen og nettstasjon Seltuftvatn er det planlagt en ny anleggsvei som vil søkjast om separat. I dette område kan det vere potensial for automatisk freda kulturminne knytt til bruk av utmarka som til dømes fangstanlegg, kolgroper eller tufter. Her vil Vestland fylkeskommune vurdere om det er naudsynt med arkeologiske undersøkingar jf. § 9 i kulturminnelova når saka kjem på høyring.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova

Friluftsliv

Det er tre kartlagde friluftslivsområde i det aktuelle tiltaksområdet; Viksdalen Sør (svært viktig), Markesetfjella (viktig) og Fossevatnet – Monsdalen (Svært viktig).

Det søkast om totalt tre nettstasjonar, som er mindre bygg på ca. 2x2 meter. 22 kV kabel er tenkt lagt ned i eksisterande eller planlagt anleggsveg. Samanlikna med eksisterande inngrep som anleggsvegar og damanlegg, er nettstasjonane og kabelen små tiltak som truleg vil ha lite å seie for friluftslivsopplevinga. Nettstasjonane bør likevel få ei utforming og materialbruk som gjer at desse i minst mogleg grad står fram som skjemmande framandelement i landskapet.

Planlagd anleggsveg frå Lonestølen opp til Seltuftvatnet vil potensielt bli eit omfattande terrenginngrep som vil påverke friluftslivsopplevinga til dei som ferdast her. Denne vegen vil søkast om separat og er difor ikkje eit tema i denne konsesjonssøknaden.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonssjef

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

HØYANGER KOMMUNE

Postboks 159

6991

HØYANGER

SUNNFJORD KOMMUNE

Postboks 338

6802

FØRDE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER